



Høyringsnotat

Journalpost ID	Saksbehandlar	Dato
26/24614	Ingrid E. Tøsdal	16.03.2026

Høyringsnotat - Framlegg til utvida skjenketider i Bjørnafjorden kommune under VM i fotball 2026

Bakgrunn for høyringa

Det norske herrelandslaget i fotball har for første gong på 28 år kvalifisert seg til VM. Meisterskapet vert avvikla i USA, Canada og Mexico i perioden 11. juni til 19. juli 2026. På grunn av tidsforskjellen vil enkelte av kampene verta sende på tidspunkt utover alkohollova si maksimaltid for skjenking.

For at det skal vera mogleg å fortsatt skjenka alkohol medan kampene pågår, foreslår Helse og omsorgsdepartementet i høyringsnotat av 30. januar 2026 med høyringsfrist 13.mars 2026, mellombels unntak frå alkohollova si maksimaltid for skjenking.

Formålet med skjenketider er å avgrensa forbruket av alkohol og dermed dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Når det likevel vert foreslått å gje eit midlertidig unntak i dette tilfellet, skuldast det at dette er ei ekstraordinær hending av avgrensa varigheit der fleire av kampene finn stad mellom klokka 03.00 og 06.00.

Fotball er Norges mest populære idrett, og fotball-VM for herrar er blant verdas mest sette TV-hendingar. Dette er fjerde gong det norske herrelandslaget deltek, og det er lang tid sidan sist. Generelt meiner departementet ein bør vera svært tilbakehalden med å gjera midlertidige endringar i alkoholregelverket ettersom det kan uthula heilheit og konsistens i alkoholpolitikken.

Det mellombelse unntaket som blir foreslått er ikkje meint å skapa presedens for seinare anledningar. Lovendringa vert difor avgrensa til fotball-VM for herrar 2026.

Helse og omsorgsdepartementet har foreslått følgjande tidsavgrensa endring i alkoholloven § 4-4

«Kommunestyret kan for perioden 11. juni til 19. juli 2026 fastsette skjenketider for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2 som avviker fra fjerde ledd. Dette kan fastsettes generelt



for kommunen eller for det enkelte skjenkested. Avvikende skjenketider kan bare fastsettes for skjenkesteder som viser direktesendte kamper i fotball-VM for herrer 2026 for stedets gjester.»

Departementet oppmodar kommunane til å ikkje avventa Stortinget si behandling av lovframlegget, men behandla nødvendige lokale endringar, med atterhald om at dei føreslegne lovendringa vert vedtatt.

Kommunane står fritt til å ta stilling til om dei vil nytta seg av moglegheita å tillata skjenking utover gjeldande maksimaltid (03.00) under meisterskapet, men ikkje lengre enn til kl 06.00. Det kan vedtakast for eksempel at dette gjeld deler av meisterskapet, berre under Norges kampar, berre til eit visst tidpunkt, berre innandørs, inga endring eller ein vel å følgja forslag til endring i lovframlegget.

Det framlagde lovframlegget opnar ikkje opp for ei generell utviding av maksimaltid for skjenking. Det opnar for ei utviding av maksimaltid for skjenking til skjenkestader som tilbyr direktesende VM-kampar for skjenkestaden sine gjester, og berre skjenking av alkohol gruppe 1 og gruppe 2 til maksimalt kl. 06.00.

Stader som ikkje viser direktesendt kamp, kan ikkje ha utvida skjenketid. Departementet har pr no ikkje gitt ytterlegere føringar for korleis slikt vilkår skal tolkast, anna enn at høvet til å skjenka alkohol ikkje er avgrensa til sjølve kamptidspunktet. Dette inneber at det er mulig å skjenke alkohol også før og etter direktesendte kamper.

Status i Bjørnafjorden kommune

Saka vert lagt fram til forenkla høyring, for å gje eventuelle lokale arrangørar høve til planlegging fram til VM- start 11. juni, samt at politiet og andre offentlege instansar kan få høve til å koma med innspel, og kan førebu seg til ei eventuell. endring på skjenketida.

Kommunen har motteke førespurnader om praktisering av regelverket, og har så langt motteke ein søknad om arrangement under fotball VM 2026. Per no er det ikkje søkt om utvida skjenketid utover Bjørnafjorden kommune sine gjeldande skjenketider:

Utdrag frå gjeldande retningslinjer i Bjørnafjorden kommune

«Uteservering

Løyve til uteservering/skjenking gjeld heile året på godkjent og fysisk avgrensa område, slik det skal gå fram av søknadene. Det vert ikkje gjeve løyve til uteservering der slik drift vil vera til vesentleg sjenanse for nærmiljøet.»

Ordinære skjenketider

Alkoholhaldig drikke med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent kan skjenkast -alle dagar i tida 0600-0200 (...)



Det er ikkje tillate med musikk eller underhaldning med elektrisk anlegg/høgtalarar på område for uteservering

-etter kl. 22.00 i tida søndag til torsdag

-etter kl. 24.00 i tida fredag til laurdag.

Det kan søkjast om dispensasjon frå dette punktet i samband med enkeltståande større musikkarrangement/festivalar. Musikk og underhaldning må innanfor tillatne tider ikkje vera slik at det er til vesentleg sjenanse for dei som bur eller held til ved området der uteservering skjer.

Nattklubbløyve

Det kan gjevast utvida skjenketid

-til kl 0300 alle dagar for nattklubbar. Utvida skjenketid gjeld for all alkoholhaldig drikke. (...)

Utvida skjenketid

Skjenkestader kan søkja om utvida skjenketid til kl 0300 ved særlege høve/arrangement. Særlege høve/arrangement kan t.d. vera arrangement knytt til større festivalar, arrangement med ideelt føremål eller spesielle konsertar med nasjonale og internasjonale artistar. Utvida skjenketid kan gjevast for all alkoholhaldig drikke».

Sjå retningslinene i sin heilskap her: [Retningsliner for sals- og skjenkeløyve Bjørnafjorden kommune 2025 - 2029](#)

Administrasjonen sine vurderingar

VM-kampar der folk samlast på regulerte utestader med vakthald, kan redusera talet på private heimefestar med mindre trygge rammer. Mange vil oppleve VM som eit sosialt samhald og fellesskap på tvers av alder, bakgrunn og sosial rang. Alle skjenkestader pliktar å føra eit utval alkoholfrie alternativ, for gjestene som ynskjer det.

Administrasjonen foreslår i utgangspunktet å følgja foreslått lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet med skjenking til kl. 06.00, ved arrangement med direktesende VM-kampar.

Fotball-VM for herrar er ei spesiell hending, med relativt få norske kampar med start etter kl.02.00. Av Norges tre kampar i innleiande rundar har ein kamp sein kampstart, 23.juni: kl. 02.00.

Dei fleste kampene i eventuelt sluttspel har tidlegare kampstart. Norske kampar med sein kampstart er derfor eit fåtal.

Spørsmål administrasjonen særleg ønskjer innspel til i høyringa:

- 1) Skal utvida skjenketid gjelda for alle kampar eller skal kommunen avgrensa skjenketida?**

Ref. at hovudargumentet til regjeringa er at fotball er den mest populære idretten i Noreg, og at mange ønsker å vera saman om å følga den første deltakinga til det norske landslaget på 28 år.

I kommunar som vedtek å utvida skjenketida under VM kan det føra til auka belastning på politi og helsevesen på dagane med seine kampar. Det kan m.a. føra til at folk held seg ute lenger enn dei elles ville, og forlenga tida med gjester på skjenkestader og folkemengder utanfor.

Både politi og helsevesen vil kunna måtta bemanna opp i den aktuelle perioden som følge av utvida skjenketid under VM. Det vert vist til departementet si utgreiing om økonomiske og administrative konsekvensar i høyringsnotatet [Skjenketider under fotball-VM for herrer 2026](#).

Administrasjonen ber derfor om innspel på om utvida skjenketid innandørs burde vore meir avgrensa:

Skal utvidinga berre gjelda bestemte dagar, t.d. dagar Norge spelar kampar og eventuelt finalen?

Kommunane står fritt til å bestemme om dei vil tillata skjenking utover tidspunkt som følger av kommunen sitt gjeldande regelverk, om det skal vera utvida skjenketid heile perioden fotball-VM for herrer varer, eller om utvidinga berre skal gjelda bestemte dagar, for eksempel dagar Norge spelar kampar. Kommunen kan også bestemma at skjenking er tillate inntil eit visst tidspunkt, for eksempel til kl. 04.00.

2) Skal utvida skjenketid gjelda for uteservering?

Det kan forventast lyd og støy under arrangementa og ved avslutning, og dette tidspunktet vert forskyvd til tidleg morgon om ein gjev utvida skjenketider utandørs. For arrangement utandørs og i telt, vil lyd vera til større plage og kunna forringa moglegheit for god nattesøvn for bebuarar i nærleiken.

Administrasjonen ber derfor om innspel på om utvida skjenketid utandørs burde vore meir avgrensa. Den enkelte kommune står fritt til å velja også i høve til skjenketid utandørs: Det kan vedtakast for eksempel om dette gjeld delar av meisterskapet, berre under Norges kampar, berre til eit visst tidspunkt, berre innandørs, inga endring eller ein vel å følgja forslag til endring i lovframlegget. Administrasjonen ber om evt. grunngjevne innspel på om utvida skjenketid utandørs evt. burde vore meir avgrensa. T.d. om det berre vert midlertidig utvida skjenketid under Norge sine fotballkamper i VM for herrer sommaren 2026, samt finalekampen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til midlertidig endring i retningslinjer for skjenkeløyve.

Maksimaltida for skjenking gruppe 1 og gruppe 2, vert endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrer

2026. Skjenkestaden må vise direktesende kamper i fotball-VM for herrer 2026 for gjestane sine.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026. Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren har fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningsliner for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

Atterhald

Forslaget til midlertidig tillegg i kommunal retningsline kan berre vedtakast dersom Stortinget vedtar foreslått endring i alkoholloven § 4-4.